


STÅRHEIM

Fjellvettregel nr. 8

– Vend i tide, det er
inga skam å snu





Tur 60 - 61 - 62

60. FANNSTØYLEN



Start og parkering:

Køyr til Stårheim, 14,1 km frå Nordfjordeid. Ta av til høgre opp mot Stårheimsdalen, køyr ca. 4 km nord gjennom Stårheimsdalen. Parkeringsplass i enden av vegen.

Tid: ca. 45 min.

Høgd: 393 m.o.h.

.....

Turen startar ved betongbrua rett nedanfor parkeringsplassen. Det står skilt ved brua. Det er ein lett tur med godt opptrakka sti. Det er flott natur. Fannstøylen er ein fin, gamal støyl. Den har den seinare tid blitt utvida med mange nye hytter/sel. Når ein er på Fannstøylen, kan ein gå vidare til Løysingvatnet og Blåfjellet.

START AND PARKING:

Drive to Stårheim, 14.1 km from Nordfjordeid. Take a right turn up to Stårheimsdalen then drive a further 4 km north through the valley. Parking at the end of the road.

TIME: approx. 45 min.

HEIGHT: 393 m above sea level

The hike starts at the concrete bridge just below the parking area. There is a signpost by the bridge. This is an easy walk on a good path, through beautiful countryside.

Once you arrive at Fannstøylen, you can continue to Løysingvatnet lake and Blåfjell.



61. LØYSINGVATNET



Start og parkering:

Du startar og parkerer på same stad som når ein skal til Fannstøylen.

Tid: ca. 2 timar

Høgd: 807 m.o.h.

.....

Turen startar på same stad som når ein går til Fannstøylen. Du kan følgje vegen til Fannstøylen, men du kan og gå på vestsida av Stårheimselva. Du kjem inn på merkt tursti. Nord i dalen mot høgfjellet går stien opp ei bratt ur/tidlegare anleggsveg. På toppen ser ein demninga og hytta.

START AND PARKING:

See hike no. 60.

TIME: Approx. 2 hrs

HEIGHT: 807 m above sea level

The same start as for the hike to Fannstøylen. You can either follow the road to Fannstøylen or walk up the west bank of the Stårheimselva river, on a waymarked path. In the northern end of the valley the path climbs a steep scree/former construction road. From the top, you can see the dam and cabin.



Løysingvatnet. Foto: Norunn Remme.

62. BLÅFJELL



Start og parkering:

Du startar og parkerer på same stad som når du skal til Fannstøylen.

Tid: 3 timar

Høgd: 951 m.o.h.

Følg same stien som til Løysingvatnet. Derfrå går turen nord og vestover i høgfjellet. Stien er merkt med spisse steinar som er reiste opp med ca. 30 meters avstand. Når ein skal heim frå Blåfjellet, kan ein anten ta same vegen tilbake, eller ein kan gå rett ned mot Fannstøylen. Det går ein sti nedover som kjem inn på stien som går frå Fannstøylen til Løysingvatnet.

Turen til Blåfjell er veldig flott. Det er noko bratt dei fyrste hundre metrane opp frå Løysingvatnet, men når du kjem til toppen, er

START AND PARKING:

See hike no. 60.

TIME: 3 hrs

HEIGHT: 951 m above sea level



Follow the same path as for Løysingvatnet lake. From there, continue north then west on high ground. The path is marked with pointed stones which have been erected at approx. 30 metres distance. When returning from Blåfjell, you can either retrace your route or descend directly down towards Fannstøylen. There is a path which joins the path from Fannstøylen to Løysingvatnet lake.

The hike to Blåfjell is extremely enjoyable. It is quite steep for the first hundred metres up from Løysingvatnet lake, but you are rewarded with breathtaking views from the top.

det ei utruleg utsikt. Det er utsikt mot olivinbrota på Åheim og Hornelen i Bremanger. Ved god sikt kan ein sjå Lodalskåpa.

Utsyn frå Blåfjellet. Foto: Norun Remme.



63. TROLLVASSNYKEN - HJELMELANDSVARDEN



Start og parkering:

Køyr til Stårheim kyrkje. Ta av frå rv. 15 mot Remmedalen. Ved den andre brua tek du av til venstre og køyrer ein god anleggsveg mot skytefeltet på Heida. Rett forbi Heidasetra er det god parkeringsplass.

Tid: 1 time

Høgd: 958 m.o.h.

Turen startar på parkeringsplassen. Stien er tydeleg og går vest for elva. Etter om lag 200 m. med oppstigning kjem du til eit lite tjern på venstre side av stien. Du går vidare opp nokre hamrar, og kjem opp til kring 900 m.o.h. før stien kryssar ein liten bekk. Følg stien vidare mot toppen.

Det er ein flott tur med framifrå utsikt, der ein blant anna kan sjå ned i Dalsfjorden.

Du kan og ta turen til Hjelmelandsvarden. Du følger same stien som til Trollvassnyken,

opp til ca 900 meter. Då ser du Hjelmelandsvarden mot høgje.

START AND PARKING:

Drive to Stårheim church, then leave road no. 15 towards Remmedalen.

By the second bridge, take a left turn and drive along a good construction road towards the shooting range at Heida. Good parking just past Heidasetra mountain farm.

TIME: 1 hr

HEIGHT: 958 m above sea level

The path starts from the parking area. It is a clear path and heads to the west of the river. After around 200 m of climbing, you reach a small pond on the left-hand side of the path. Climb up several ridges to a height of approx. 900 m above sea level, then cross the river and follow it to the top.

You can also choose a hike to Hjelmelandsvarden. Follow the same path as for Trollvassnyken. Once you arrive at the first lake above the last steep slope, turn right and you will see Hjelmelandsvarden cairn.

